# VANYLVEN KOMMUNE

| | |
|---|---|
| **Vår referanse:** | 20/973 20/3631 |
| **Saksbehandlar:** | Terje Kolstad |
| **Dato:** | 14.05.2020 |

## Saksframlegg

«Sgr_Beskrivelse» «spg_beskrivelse»

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 46/20 | Formannskapet | 08.06.2020 |

**Privat detaljregulering for Hasleneset - til 1. gongs offentleg ettersyn.**

### Samandrag:

Nordplan AS har på vegne av tiltakshavar Oddvar Strand AS utarbeid detaljplan for Hasleneset i Syvde gnr. 82 bnr. 52. Føre målet med planen er å leggje til rette for etablering av inntilt 6 fritidsbustadar med felles areal og eit felleshus/naust, inklusiv tilhøyrande infrastruktur.

**Formannskapet 08.06.2020:**

**Behandling:**

**Samrøystes vedtak som framlegget.**

**FO- 46/20 Vedtak:**

Vanylven kommune vedtek å leggje forslag til reguleringsplan for Hasleneset gnr. 82 bnr. 52 ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-10. Høyringsfrist vert sett til 6 veker.

### Rådmannen si tilråding:

Vanylven kommune vedtek å leggje forslag til reguleringsplan for Hasleneset gnr. 82 bnr. 52 ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-10. Høyringsfrist vert sett til 6 veker.

**Vedlegg:**
Planomtale
Plankart-A2-L
Reguleringsføresegner
Vedlegg 1 - Planinitiativ
Vedlegg 2 - Referat frå oppstartsmøte
Vedlegg 3 - Varslingsbrev
Vedlegg 4 - Oppsummering av innspel
Vedlegg 5 - ROS-analyse
Vedlegg 6 - Geologisk vurdering_skred_stormflo
Vedlegg 7 - Støyfagleg vurdering

**Saksopplysningar:**

Nordplan AS har på oppdrag frå grunneigar Oddvar Strand AS utarbeidd detaljreguleringsplan for Hasleneset, Syvde i Vanylven kommune. Føremålet med planarbeidet er å regulere området til å kunne leggje til rette for utbygging av fritidsbustadar.

Planforslaget omfattar område Hasleneset som er avsett i kommuneplanen som SH8 der konklusjonen er*: Næringsområde som kan nyttast til reiseliv. Krav om ras, flaum og stormflovurdering. Det må utarbeidast reguleringsplan, gjerne saman E8. Lite konfliktfylt.*
Planområdet er på om lag 12 dekar, og planforslaget legg til rette for utbygging av 6 einingar, ein fritidsbustad pr. tomt.
For nærmare beskriving av reguleringsplanen vises det til vedlagde planbeskriving, plankart, planføresegner og ROS-analyse m.m.

**Vurdering og konklusjon:**

Varsel om oppstart vart sendt ut med brev datert 11.04.2018 til heimelshavarar, naboar og til offentleg mynde og annonsert på heimesidane til Nordplan AS og Vanylven kommune.

Rådmannen tilrår at planforslaget, slik det ligg føre, kan vedtakast lagd ut til offentleg ettersyn. Høyringsfrist, jf. plan- og bygningslova § 12-10 seks veker.

Rita Kvamme
rådmann